

HANDLINGS PLAN 2017

Samarbeidsrådet for
Sunnhordland



HANDLINGSPLAN 2017

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er eit interkommunalt selskap, eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. I tillegg er Fusa, Haugesund og Vindafjord kommunar observatørar i Samarbeidsrådet. Selskapet har forretningsadresse i Stord kommune.

Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing.

Føremålet vert konkretisert m.a. gjennom desse oppgåvene:

1. Fremja Sunnhordland sine interesser
2. Fremja og samordna tiltaksarbeid i Sunnhordland med særleg vekt på regional utvikling, næringsutvikling og infrastruktur
3. Vera pådrivar for betring av kommunikasjonstilhøva i Sunnhordland
4. Utvikla ei samordna og effektiv marknadsføring av Sunnhordland
5. Vera pådrivar for kultur – og identitetsskapande tiltaksarbeid
6. Arbeida for kommunane sine rammevilkår

1. INFRASTRUKTUR

1.1 Samferdsle

Arbeidet med å betra samferdselsløyisingane internt i regionen og mot omverda er eit langsiktig og krevjande arbeid. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har så langt vore ein aktiv pådrivar for å sikra felles regionale prioriteringar innanfor denne sektoren, noko som har resultert i realisering av fleire, store og små prosjekt.

Eit prioritert satsingsområdet er å utvikle gode samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen, naboregionane og næringslivet for å gjera det meir sannsynleg at samferdselsprosjekt i vår region vinn fram i dei nasjonale prioriteringane. Ei brei forankring av arbeidet i Hordaland fylkeskommune er avgjerande for å lukkast.

1.1.1 E39

Realisering av ein ferjefri kyststamveg E39 har vore og er ei sentral arbeidsoppgåve for Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Det var difor ein milepæl då Samferdsleministeren 20. desember 2013 kunngjorde at regjeringa hadde bede Statens vegvesen arbeida vidare med midtre trase, med bru over Bjørnefjorden. Med dette vedtaket er ein komen langt, men ikkje i mål med prosjektet. Det må arbeidast vidare med blant anna statleg reguleringsplan, og ikkje minst sikra at prosjektet vert prioritert og finansiert ved neste rullering av Nasjonal Transportplan våren 2017.

Overordna mål

Få realisert/oppstart av ferjefri kyststamveg mellom Akسدal-Bergen i første fireårsperiode av NTP.

Delmål

- Arbeida for at flest mogleg tilførselsvegar til E39 vert klassifisert som overordna
- Avkorta reisetida mellom Stord og Kvinnherad, med fokus på tilknytning til E39

Milepælar

- Omtale og avsette midlar i Nasjonal transportplan 2018-2029.

Prioritert arbeid: Sikra finansiering av arbeidet med E39 Stord-Os.

Tiltak våren 2017

Møte med stortingspolitikarar

Fokus:

- Regionale prosjekt i NTP

Møte med fylkesordførar/fylkeskommunen

Fokus:

- Arbeida for at flest mogleg tilførselsveggar til E39 vert klassifisert som overordna.
- Avkorta reisetida mellom Stord og Kvinnherad, med fokus på tilknytning til E39

Møte med Statens vegvesen

Fokus:

- Tett dialog om Statens vegvesen sitt planarbeid
- Avkorta reisetida mellom Stord og Kvinnherad, med fokus på tilknytning til E39
- Andre tilførselsveggar til E39

Kommunikasjonsstrategi /media

Fokus:

- Utarbeida ein kommunikasjonsstrategi for arbeidet med å få E39 inn i NTP første planperioden.

1.2 E134

E134 Haukelivegen er den viktigaste aust – vest korridoren for Hordaland og Rogaland.

Samfunnsnyttan og verdien for næringslivet med utbetring av E134 er i fyrste omgang at transporten vert raskare, rimelegare og tryggare. Det vert mindre utslepp av klimagassar og regulariteten aukar.

Det må vera eit mål at E134 over Haukelifjell må handsamast som eitt prosjekt, både planmessig og økonomisk. Anleggsteknisk er det likevel naturleg med ulike byggetrinn. Røldal og Seljestad bør vere første byggetrinn.

Ny E134 Seljestad-Vågsli må prioriterast inn i komande NTP med sikte på oppstart snarast råd og med kostnadseffektiv framdrift, dvs. samanhengande utbygging til prosjektet er ferdig. Samstundes må dei andre prosjekta på E134 få løyvingar som sikrar optimal framdrift.

Overordna mål

Sikra finansiering av E134 som hovudtrasé aust – vest.

Delmål

- Ny tunell mellom Røldal og Seljestad må vera første byggetrinn
- Prosjekta over Haukelifjell må ha byggestart i 2020 og bli ferdigstilt i løpet av NTP perioden
- Sikra planmidlar for gjennomføring av reguleringsplan på strekninga Bakka-Solheim
- KVVU – arm til Bergen

Tiltak 2017

Møte med stortingspolitikarar

Fokus:

- Viktigaste transportkorridor aust-vest
- Reguleringsplan for E134 – Rauland-Vågslid
- Framskynda Haukelitunnelane slik det vart lagt opp til i NTP
- KVVU - Arm til Bergen

Møte med Statens vegvesen

Fokus:

- Tett dialog om Statens vegvesen sitt planarbeid

1.3 Regional transportplan for Hordaland

Regional transportplan Hordaland (RTP) 2013-2024 vart vedteken i desember 2012.

RTP skal vera ein samla langsiktig regional strategiplan for transportsektoren i Hordaland. Planen skal leggje grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

RTP vil leggja føringar for bruk av dei fylkeskommunale midlane. Noko av prioriteringskriteria er at vegnettet er føreslege delt inn i :

- 1) Overordna vegar (høg funksjonsklasse eller høg trafikkbelastning)
- 2) Øvrige fylkesvegar

For Sunnhordland vert det viktig å vera aktive for å få prioritert oppgradering av "øvrige fylkesvegar" og ikkje minst sikra finansiering for utbetring av strekningar som er definert som overordna vegnett.

Prioritert arbeid 2017

- Arbeida for at påkoplingar mot E39 vert klassifisert som overordna
- Sikra kopling mot regional plan for kystsona – fareleiar, næringsareal til sjø
- Arbeida for at regionale prioriteringar for bruk av ferjeavløysingsmidlar vert ein del av planen.

1.4 Fylkesvegnettet

Det var tidlegare forventa at ein gjennom arbeidet med Fylkesdelplan for Sunnhordland og skulle dekkja behovet for ein ny samferdsleplan for Sunnhordland. Samferdsle er teken ut av planprogrammet. Difor bør regionen utarbeida ein strategi for korleis ein sikrar midlar til fylkesvegnettet i regionen.

Mål

Sikra finansiering til lokale og regionale veganlegg.

Prioritert arbeid 2017

- Utarbeida strategi for korleis ein sikrar midlar til fylkesvegnettet i regionen
- Arbeida for å få på plass eit tenleg sykkelvegnett i regionen

- Minst eit møte med samferdsleutvalet i fylkeskommunen
- Arbeide for innkorting av ferjesambandet Kvinnherad-Stord

1.5 Kollektivtrafikk i Sunnhordland

Ferjemateriellet i Sunnhordland har ein gjennomsnittsalder på kring 30 år. Det nærmar seg nye anbudsrundar i fleire av rutepakkane. Samarbeidsrådet har hatt og må ha fokus på desse prosessane for å sikra betre materiell og auka ruteproduksjon i sambanda.

Hurtigbåtforbindelsane, særleg mellom Kvinnherad-Etne- Stord er ikkje tilfredsstillande, både på dagtid og kveldstid. Det må arbeidast for auka rutetilbod. Det vert og lagt opp til ei satsing på "Bussen i Sunnhordlandsbassenget" som skal sjå på nye moglegheiter .

Framlegg til Trafikkplan for Sunnhordland om forbetringar i kollektivtilbodet i Sunnhordland vart godkjent i fylkesutvalet i desember 2015.

Fylkesutvalet la til grunn at det i region Sunnhordland er gode interne korrespondansar, samt korrespondansar mellom lokalt rutetilbod og ekspressruter som snøggbåten og Kystbussen. Dette må følgast opp regionalt.

Prioritert arbeid i 2017

- Arbeida aktivt for å få ei fornying av ferjemateriellet og auka frekvens på sambanda.
- Arbeida aktivt for å sikra gode hurtigbåtforbindelsar i Sunnhordlandsbassenget og til og frå Bergen.
- Starta opp arbeidet med "Bussen i Sunnhordland".
- Arbeida for å få sonekorta til å gjelda for større område.
- Vekekort for turistar i Hordaland, gyldig for alle typar transport som hurtigbåt, ferje og buss.

1.6 Fiskerihamn i Hovlandshagen, Bømlo

Bømlo kommune er ein av dei største fiskerikommunane i regionen. Det er eit ungt og optimistisk fiskerimiljø i kommunen. Tal på fartøy og medlemmer i Fiskarlaget er aukande dei siste åra. Næringa er veksande og har utfordra kommunen med ynskje om etablering av ei tidsmessig fiskerihamn i kommunen for havfiskeflåten og for kystfiskarar på Bømlo. Ei slik etablering vert og viktig for leverandørar av varer og tenester til hamna, og vil gje nye arbeidsplassar i tilknytning til hamna.

Prioritert arbeid i 2017

- Arbeida for at fiskerihamna får status som Nasjonal Fiskerihamn og at den vert tatt i inn NTP 2018-2029.
- Arbeida for å få arbeidet framskunda, med oppstart i den lågaste ramma.

1.7. Flyplassen på Stord

Flyplassen er eigd av Stord kommune og Hordaland fylkeskommune og er ikkje ein del av Avinor sitt system. Flyplassen er viktig for næringslivet i regionen men også for privat reisande.

Prioritert arbeid i 2017

- Arbeida for vidareutvikling av flyplassen.

2. REGIONAL UTVIKLING

Samarbeidsrådet er ein sentral regional utviklingsaktør som skal driva aktiv påverknad for å sikra regionen og den einskilde kommune sine interesser i regionale og nasjonale spørsmål.

Vår visjon "Me er framoverlent" skal synleggjera at Sunnhordland er ein sterk og framtidretta region, som det er interessant å arbeida, ta utdanning og busetja seg i.

Ei stor utfordring ligg i å utvikla ein region som ikkje er sårbar i høve til svingingar i næringsaktivitet og sysselsetjing. Ei anna utfordring er å sørgja for at behovet for ulik kompetanseheving og fornying av kompetanse innanfor den varierte næringsaktiviteten me har i Sunnhordland vert dekkja. Dessutan vil det i åra som kjem vera eit stort behov for å fylla på med arbeidskraft i allereie eksisterande verksemder og kommunar etter kvart som dei me no har går over i pensjonistane sine rekkjer.

2.1 Interkommunalt/interregionalt samarbeid

Mange oppgåver er i dag løyst interkommunalt. I åra som kjem vert det venta auka behov for interkommunale og interregionale løysingar på fleire saksområde. Det er i denne samanheng viktig at regionrådet vert gjort til ein arena for drøfting av slike spørsmål, og at det vert etablert regionale prosjekt der dette er teneleg for å vurdera grunnlaget for samarbeidsløysingar.

Kommunane i Sunnhordland gjekk ikkje inn for kommunesamanslåing. Det kan likevel vera område der kommunar kan arbeida tettare for å løyse oppgåver. Dette vert tema på felles formannskapsmøte.

2.2 Byen og regionsenteret Stord – lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland!

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har gjennom satsinga Utviklingsprogrammet for byregionar – Byregionprogrammet- starta eit treårig program som skal bidra til å styrka vekstkrafta for byregionane som deltek. Byregionprogrammet skal auka kunnskapen om samspel mellom by og omland og regionane sitt næringsmessige potensiale. Sunnhordland er deltakar i prosjektet med »Byen og regionsenteret Stord, lokomotiv for vekst og utvikling!«

Programmet skal gå fram til utgangen av juni 2018.

Gjennom prosessar har ein kome fram til fire satsingsområde:

Strategi 1. Sunnhordland – kraftsenter for klyngeutvikling

Ved å vidareutvikla eksisterande næringsliv, skapa nye møteplassar på tvers i bransjar og imellom ulike bransjar skal innovasjon og nytenking sikra eksisterande arbeidsplassar og utviklast nye.

Strategi 2. Den tette byen

Stord skal utviklast til eit attraktivt senter som det er lett å koma til og ifrå.

Strategi 3. Saman er me sterke

Ved å utvikla tette samarbeidsarenaer skal regionen vidare utviklast til å verta attraktiv for nye innbyggjarar og for dei som alt bur her.

Strategi 4. Kompetanseregionen

Behalda og utvikla kompetansen i regionen

Eit kriterium for deltaking er at nabokommunar er med i programmet. Samarbeidsrådet har gjeve si støtte til at regionen søkte om deltaking i prosjektet, med Stord kommune som A – eigar.

Prosjektet er komen med i programmet i fase 2.

Prosjektansvarleg: Magnus Mjør, Stord kommune

Prosjektleiar Gro Jensen Gjerde, Samarbeidsrådet

Det er definert tiltak under kvar av strategiane. Ein del av dei er tett knytt opp til andre tiltak i handlingsplanen.

Tiltak :

- Gjennomføra tiltaka som er prioritert i 2017.
- Delta i nasjonalt nettverk saman med deltakarar frå andre liknande prosjekt.

2.3 Matfatet Sunnhordland

Sunnhordland er ein av dei største produsentane av sjømat, med laks som spydspiss internasjonalt. Regionen har ein stor fiskeflåte og fleire kystfiskarar som leverer eit utval av ulike råvarer. I tillegg har regionen eit landbruk som produserer kjøt, frukt, grønsaker og bær og i utmarka er det mykje vilt av ulike kategoriar.

Dei beste råvarene er på plass, det same er meisterkokkar og andre dugande kokkar. Mange av serveringsstadane serverer kortreist mat, og fleire av desse er i historiske omgjevnader. Dette gjev eit godt grunnlag for å utvikla Sunnhordland som ein spanande matdestinasjon.

10 bedrifter har gjennom ein prosess utarbeidd ein strategi og handlingsplan for ei klyngeutvikling "Matfatet Sunnhordland".

Arbeidet er ein del av Byregionprogrammet – Strategi 1. **Sunnhordland – kraftsenter for klyngeutvikling**

Mål

Auka produksjon og omsetnad av lokalmat i Sunnhordland.

Prioritert arbeid 2017:

- Mobilisera bedriftene i Sunnhordland til å sjå moglegheiter for produktutvikling ved å nytta lokale råvarer
- Gjennomføra møter i alle kommunane
- Formidla kunnskap om lokale råvarer og dei økonomiske og konkurransefortrinn dette kan utgjera for bedriftene
- Formidle kompetanse
- Fremja bruk av lokale råvarer til å styrke konkurransevne, nyskaping og utvikling
- Rekruttera produsentar og leverandørar inn i klynga

3. Attraktiv buregion

3.1 Omdømmebygging/rekruttering/kompetanse

I ei tid med omstilling og auka grad av arbeidsløyse må ein tenkje langsiktig og framtidretta. Regionen vil i framtida ha behov for fleire innbyggjarar og meir arbeidskraft. Difor er omdømmebygging/ rekruttering eit prioritert arbeid i Strategiplanen til Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Alle har eit omdømme, både stat, bedrifter, organisasjonar, kommunar/regionar. Eit omdømme representerer ikkje nødvendigvis kva me meiner eller hevdar å vera, men er summen av korleis omverda oppfattar oss.

Med andre ord er eit omdømme meir avhengig av kva me faktisk er og gjer enn kva me gjennom slagord og symbol ynskjer å vera. Difor er omdømmebygging eit langsiktig arbeid som må forankrast i heile regionen for å lukkast.

I 2017 skal det arbeidast med omdømme og rekruttering innanfor ei utvida målgruppe både internt i og utanfor regionen.

Mål

Styrkja regionen sitt omdømme som bu- og arbeidsarena og medverka til at Sunnhordland blir oppfatta som ein attraktiv bu- og arbeidsregion, samt gjera det enklare for kommunar og enkeltverksemder å rekruttera arbeidskraft nasjonalt og internasjonalt.

Prioritert arbeid i 2017:

- Kontinuerleg arbeid for å forankra og gjera arbeidet kjent i regionen
- Nettportalen www.buisunnhordland.no skal nå ut til eit auka publikum, 10 % auke, dette skal gjerast via
 - [Produksjon av relevant og breidt innhald som treff ei utvida målgruppe](#)
 - [Sikre at sidene er godt synlege hjå søkjemotorar](#)
 - [Artiklar, arrangement og anna relevant innhald skal også eksistere på engelsk](#)
- Drift, produksjon og oppdatering med relevant innhald av **digitale kanalar** der ein når målgruppa
 - Nettsida buisunnhordland.no
 - Facebook
 - Instagram
 - Twitter
 - Google+
 - LinkedIn
 - Snapchat
- Gjennomføre ulike tiltak
 - Sunnhordlandstreff i regionen
 - Sunnhordlandstreff utanfor regionen
 - Ambassadørtreff – samlingar for partnarar i prosjektet, med fokus på relasjonsbygging og kunnskap om omdømmebygging
 - Deltaking på messer og karrieredagar
 - Tilrettelegge for kompetanseheving på felt som er viktige for samarbeidspartnarar og kommunar i høve til å nå ut med omdømmebyggjande kommunikasjon
- Prioritera kommunikasjonskanalar, ulike arena og også aldersgrupper for å gjere arbeidet kjent
- Idéutvikling der nye tiltak og måtar å nå ut til målgruppa med ynskt bodskap kjem til og vert gjennomførte
- Sikre finansiering av tiltaka, spesielt via lokalt næringsliv

3.2 Rekruttering

Arbeidslivet i Sunnhordland har heile tida eit behov for å rekruttera rett kompetanse. Innan ein del områder / fag må ein ut av regionen for å rekruttera. Gjennom omdømmeprojektet må Samarbeidsrådet vera ein pådrivar for å skapa ulike arena for rekruttering og /eller delta i rekrutteringsarbeid saman med naturlege samarbeidspartnarar.

3.3 Kompetanse

Med den varierte næringsstrukturen som finnes i Sunnhordland er det eit stort behov for ulike kompetanseheving og fornying av kompetanse på mange område. Med auka internasjonalisering ser ein at dette behovet har auka og vil halda fram i åra som kjem, både innanfor landbasert industri, offshore, marin sektor, pleie og omsorg, privat og offentleg tenesteyting, handel og offentleg forvaltning. Det er difor svært viktig at det vert lagt til rette for at mest mogleg av denne kompetansehevinga blir gitt i regionen gjennom eit godt tilrettelagt vidareutdanningstilbod.

3.3.1 Teknisk fagskule

Sunnhordland har gjennom fleire tiår bygd opp ein industrikompetanse innan maritim verksemd og olje- og gass som vert etterspurt i prosjekt over heile verda. Marknaden er globalisert, og ein opplever større konkurranse frå utlandet og auka prispress. Dette fører til ein markant endring i kompetansestrukturen i industrien.

Overordna skjer det ein dreining frå ein situasjon kor bygging har vore det sentrale og over mot ein situasjon kor ingeniørarbeidet vert dominerande. Dette gjer at bedriftene i regionen står ovanfor store utfordringar i høve til å rekruttera ingeniørar. Oppstart av eit toårig fagskuletilbod starta i november 2011.

Prioritert arbeid 2017

- Sikra ei god gjennomføring og organisering av teknisk fagskule i Sunnhordland.
- Arbeida aktivt for å organisera og finansiera opp ei ny klasse innan teknisk fagskule frå hausten 2017 og 2018.

3.3.2 Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen er ein svært viktig utdanningsinstitusjon for Sunnhordland. Samarbeidsrådet er representert i Høgskulerådet ved dagleg leiar saman med representantar frå vertskommunar, næringsliv og organisasjonar. I møta er det informasjon, drøfting og dialog om viktige regionale spørsmål og problemstillingar Høgskulen og regionen står ovanfor.

Prioritert arbeid i 2017

- Delta aktivt i drøftingar om utfordringar og moglegheiter som er knytt til utdanning, forskning, formidling, innovasjon og kompetansebygging i regionen.
- Delta i Høgskulerådet.
- Støtte opp om arbeidet med å få på plass eit Vestlandsuniversitet.

3.3.3 Vidaregåande skular

Utdanningsinstitusjonane er viktige både som arbeidsplass – og yrkestilbod i regionen og som kompetansemiljø for oppdatering og utdanning av arbeidskraft.

Skulebruksplanen for Hordaland vart vedteken i mars 2013 og det er viktig å følgja opp prioriteringar i planen. Fråfall frå vidaregåande skular er ei stor utfordring. Eit tilbod for å hindra dette er fleksibel opplæring. Gjennom dette tilbodet får elevane veksla mellom teori og praksis.

Det er mange fordelar med eit slikt utdanningsløp. Både elevar, foreldre, skule og næringsliv meiner at dette er eit svært viktig tilbod for å førebyggja fråfall i vidaregåande skule. Nøkkel til suksess ligg i vekslinga mellom teori og praksis, og tett oppfølging frå lærarar på skulen og instruktør i bedrift.

Fleksibel opplæring er og ei viktig utdanning med tanke på rekruttering til fag innan helse – og oppvekstsektoren, men og innan yrkesfaga. Utdanninga fører og til eit nært og godt samarbeid med kommunen og lokalt næringsliv. Det er ein utfordring for skulane å få finansiert eit slikt tilbod.

Tiltak 2017

- Støtta opp om tiltak som kan redusera fråfall.
- Arbeida for at det vert gjort vurderingar på om fleksibel opplæring kan gjevast ved vidaregåande skular i Sunnhordland.
- Sikra at det ikkje kjem uheldige verknader for elevar etter iverksetjing av ny skulebruksplan.
- Arbeida for vidareutdanning TAF, snikkerlinje.

3.3.4 Blått kompetansesenter i Austevoll

Blått kompetansesenter er det neste store steget i å vidareutvikle den havbaserte nærings- og kompetansesklynga i Austevoll. Senteret er eit samarbeidsprosjekt mellom Havforskningsinstituttet (HI), Hordaland fylkeskommune, Austevoll kommune og ei rekkje private aktørar i kommunen. I tillegg er det medverknad frå etablerte klynger utanfor kommunen.

Etter nokre år med planlegging, går arbeidet med blått kompetansesenter i 2017 inn i realiseringsfasen. Då skal det etablerast ein driftsorganisasjon og arbeidet med å bygge første delen av bygningsmasse kjem i gang. Det vil bli etablert eit bustadkompleks for forskarar, studentar og gjestar, og kontor, fellesareal og kurslokale. Bygget skal plasserast midt mellom Austevoll vidaregåande skule og forskingsstasjonen på Sauganeset i Austevoll.

Blått kompetansesenter vil medverke til å styrke Hordalands posisjon innan dei viktige framtidsnæringane marin og maritim næring. Prosjektet vil medføre auka opplæring i kommunen: I tillegg til dagens dekksoffiserutdanning er det aktuelt også å tilby maskinoffisersutdanning til Austevoll. Universitet i Bergen, som har vore lokalisert i Austevoll i nokre år, er også interessert i å utvide verksemda si i Austevoll, blant anna i samarbeid med HI. Prosjektet har heile vegen hatt brei støtte frå næringslivet i Austevoll som medverkar i finansiering av planleggingsarbeidet.

Prioritert arbeid i 2017:

- Støtte opp om arbeidet

3.3.5 Karriere Sunnhordland

Eit karrieresenter er eit tilbod til alle over 19 år som treng råd og rettleiing i karriereval, jobbskifte og til å sette i bedrifter om t.d. skal gjennomføra ei nedbemanning. Hordaland fylkeskommune har fått midlar til eit pilotprosjekt for etablering av eit karrieresenter og valde å leggja dette til Stord/Sunnhordland. Det er to personar tilsett i Karrieresenteret frå og dei har sidan opninga i februar 2015 hatt over 300 individuelle samtalar med oppfølging. Det er ei auke av ingeniørar og teknologar som ber om rettleiing. Karrieresenteret har finansiering ut 2016.

Prioritert arbeid i 2017

- Delta i styringsgruppa for senteret

4. NÆRINGSUTVIKLING

4.1 Næringsutvikling

Næringsutvikling skal vera ei prioritert satsingsoppgåve for Samarbeidsrådet.

Gjennom partnarskapsavtale med Hordaland fylkeskommune har Samarbeidsrådet for Sunnhordland forplikta seg til å arbeida for det regionale utviklingsarbeidet. Ein viktig del av arbeidet er å stimulera til næringsutviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene og fylkesgrensene (der kor det ligg til rette for det) for å utnytta regionen sitt samla vekstpotensiale.

4.2 Prioriterte næringer

Sunnhordland er ein region der industrien er svært viktig for sysselsetjing og verdiskaping. Regionen er prega av kultur for industriarbeid, kultur for å skapa resultat og med industriell tyngde innan

- Offshore
- Skip og skipsutstyr
- Marin sektor
- Prosessindustri
- Landbruk
- Reiseliv

Regionen har mange leverandørverksemdar som leverer produkt og tenester til verksemdene i dei fire nemnde bransjane. Mange leverer ikkje berre innan ein bransje, men til fleire.

Likevel er Sunnhordland rekna som den mest sårbare regionen i Hordaland – jamf. Sårbarhetsanalysen 2010. I dette ligg at bedriftene i regionen er mest sårbar for brå eller langvarige endringar i næringsliv og sysselsetjing.

Den internasjonale marknaden vil påverka situasjonen i næringslivet, og Samarbeidsrådet må difor ha ei breitt engasjement for å møte desse utfordringane.

Ved utgangen av januar 2017 var 1269 personar utan jobb i Sunnhordland, og det er forventa ein auke i oppseiingar og permitteringar. 2017 vert eit utfordrande år for industrien i Sunnhordland.

Prioriterte tiltak i 2017

- Ha ein oversikt over situasjonen og vera proaktiv i høve til å påverka / iverksetje tiltak.

4.3 Regionale team

Hordaland fylkeskommune har løyvd midlar til drift av regionale team. I Sunnhordland hadde ein tidlegare Team Sunnhordland. Dette er representantar frå førstelinjetenesta i kommunane, næringselskap og andre som arbeider med næringsutvikling.

Mål:

Revitalisera Team Sunnhordland

Prioriterte tiltak:

- Sikra ei god førstelinjeteneste i kommunane.
- Møteplass med fokus på kompetanseheving og utvikling av regionen.

4.4 Reiseliv

Ny strategisk plan for reiselivet i Sunnhordland 2016 – 2020 vart ferdig april 2016 og er godkjent av styringsgruppa for reiseliv.

Mål

Ta initiativ til å organisera og utvikla reiselivet i Sunnhordland slik at regionen får ei betre utnytting av potensialet som regionen har innan reiselivet. Samarbeidsrådet skal koordinera arbeidet, søkja om finansiering og setja i verk tiltak i planen.

Prioritert arbeid 2017:

Ny merkevarestrategi 2016 – 2020

Strategiske hovudmoment:

- Styrka samarbeidet med strategiske partnerar
- Handtere fleire og ulike målgrupper
- Sikra ei balansert utvikling av regionen
- Etablera tydelege begrep/merkenamn
- Skapa vekst på heilårsbasis

Tiltak/målsettingar

- Lansering av og implementering av merkevarestrategi april 2017
- Ta en posisjon på båt og kystrelaterte aktivitetar
- Få inn ein topp attraksjon på Fjord Norge sin web
- Profilera og veksa innan naturbaserte aktivitetsturisme saman med Fjord Norge og NCE tourism
- Skapa ei sterk reiselivsklynge med å auke kompetanse og styrke den einskilde aktør
- Nettverksbygging, kunnskapsdeling/erfaringsutveksling og motivasjon
- Auka attraktiviteten til Sunnhordland og einskildaktørane
- Auka veksten gjennom auka attraktivitet og fleire besøkande

Deltakardriven produktutvikling

- Delta i arbeidsgruppa til Matfatet
- Ta i bruk råstoff frå Matfatet
- Utvikla minst ein matopplevingspakkar gjennom Kystprosjekt Hordaland
- Utvikla gourmetmat-sykkeltur i Sunnhordland med incoming turoperatør
- Utvikla guida topp turar
- Nytt Sunnhordlandkart
- Vidareutvikla og synleggjera guida fjord/havfiske turar
- Synleggjera padleruter i øyriket spesielt Fitjarøyane
- Sende søknad skilting av sykkelturar
- Utvikla/gjennomføra ekstremспорт tilbod (tandemhopp, paragliding)
- **Utvikling av nye og eksisterande arrangement særleg mot skuldersesong**

Geopark Sunnhordland

- Utvikla reiselivsdelen i Geopark Sunnhordland

Utvikling/synleggjering av nye og eksisterande arrangement

- Invitera arrangørar til felles samling for å dela erfaringar og få fram nye moglegheiter i skuldersesong
- Vedlikehalde og gjera arrangementskalender på VisitSunnhordland fullstendig på 3 språk
- Auka synlegheit av eksisterande arrangement gjennom våre trykte og digitale kanalar
- **Utvikle nye naturbaserte arrangement (båtorientering, monument på fjelltoppar)**
- **Utvikle nye kulturbaserte arrangement (festspelkonsert prosjekt)**
- **Synleggjera eksisterande og prøve å utvikle nye tilbod til barn**

Auka innsats for å få kurs/konferanse til regionen

- Kartlegge tilbydarar av kurs/konferanse
- Distribuere informasjonsfaldaren
- Invitera MICE marknaden til visningsturar
- Synleggjera Sunnhordland med eksisterande tilbod mot MICE marknaden

Auka kompetanseheving

- Auke kompetansen, med og halde kompetasehevingskurs innan ulike områder

- **Utarbeide ein digital kommunikasjonsstrategi med ny merkevarestrategi i botn**

Betre service

- Utarbeide eit system for kundetilfredshets-undersøking i Sunnhordland
- Invitera til inspirasjonstreff med fokus på service
- Få fram eksisterande tilbod av guidetenester

Auka samarbeid mellom aktørar

- **Auke medlemstalet**
- **Arrangere møteplassar**
- **Felles marknadsføring**

Auka samarbeid mellom destinasjonar

- Delta på faste møter og invitera til møte for å sjå moglegheiter for samarbeid

4.5 Marin sektor

Sunnhordland er ein sterk fiskeriregion, og er ein av dei største oppdrettsregionane i Noreg. Samarbeidsrådet for Sunnhordland må vera med på å sikra at regionen får ta del i den utviklinga som skjer i næringa. Det er utfordringar innan fiskehelse, omsyn til miljø, optimal lokalisering og effektiv arealbruk som og må løysast lokalt. Ei stor utfordring er å ivareta villfisken.

Prioritert arbeid 2017

- Delta aktivt i arbeidet med strakstiltak for Hardangerfjorden.
- Legge til rette for prioriterte tiltak gjennom Fylkesdelplan for Sunnhordland – bruk av sjøareal
- Kopla reiselivssatsinga i høve til marin sektor og omdømmebygging.
- Arbeida for byggstart for fiskerihamn på Bømlø.
- Arrangere temadag havbruk våren 2017

4.6 Kulturbasert næringsutvikling

Sunnhordland har mykje å byggja på innan dei ulike kulturområda og mange er komen svært langt innan sine greiner. Litteratur, musikk, biletkunst, design, scenekunst, revy, film og idrett er Sunnhordland sterke på. Fleire fellesarena kan vera med på å opna for nye idear og utvikling.

4.7 Felles ABS region med kultur som tillegselement:

Å utvikle robuste arbeids-, bu og servicemarknader er eit satsingsområde i norsk regionalpolitikk. Ved å føye til ein K for kultur får me omgrepet ABSK-region, som kan vera vel så høveleg i Sunnhordland. Kultur er eit identitetsskapande lim i ein region og viktig for å skapa arbeidsplassar blant anna innanfor reiseliv, men også som viktige synergieffektar med anna næringsliv.

Prioritert arbeid 2017:

- Støtta opp om eit auka samarbeid mellom regionale festivalarrangørar.
- Bruka festivalane og kulturarrangementa aktivt i arbeidet med omdømmebygging av regionen.

4.8 Regionalt etablerarfond

Hordaland fylkeskommune oppretta i 2015 ei ordning med tre regionale etablerarfond. Etablerarfondet i Sunnhordland er det Samarbeidsrådet som er forvaltar for. Fylkeskommunen ønskjer å vidareføra ordninga i 2017, men det er ikkje gjort ei fordeling enno.

Mål:

Midlane skal medverke til å realisera fylkeskommunale mål for utvikling, særleg innan kompetanseheving, omstilling, nyetablering, innovasjon og nyskaping i næringslivet, og tilrettelegging for dette.

Bedrifter/etablerarar i alle kommunane i Sunnhordland kan søkje om midlar.

Prioritert arbeid 2017

- Marknadsføra midlane
- Sakshandsama søknader, prioritera og tildela midlar
- Rapportera bruk av midlar

4.9 Kompensasjonsmidlar 2007-2016

ESA godkjente hausten 2013 ei vidareføring av ordninga med kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift. Frå 01.07.14 fekk delar av dei områda som sidan 2004 har hatt full arbeidsgjevaravgift gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift. I Sunnhordland gjeld det Tysnes og Kvinnherad.

Hordaland fylkeskommune gjennomførte i 2015 ei evaluering av forvaltninga frå 2007-2014 før det vart gjort vedtak om korleis kompensasjonsmidlane skal forvaltast frå 2015 – 2020. Det er no eit vesentleg skifte i ordninga, nytt regelverk, færre midlar og færre kommunar. Kommunane som er med er Etne, Bømlo, Kvam og Modalen.

Fylkesutvalet har gått inn for at administrasjonen i Samarbeidsrådet vert sekretariat for styringsgruppa. Midlane for 2015 og 2016 vart lyst ut og tildelt i 2016, men det er ein ny søknadsrunde på midlar som er avsett til Kvam.

Prioriterte arbeidsoppgåver i 2017

- Sakshandsama innkomne søknader
- Vera sekretariat for styringsgruppa
 - følgja opp tiltaka i handlingsplanar 2007-2016
 - delta i styringsgrupper / prosjektgrupper
 - rapportera
 - diverse

4.10 Omstillingsalliansen – saman for framtidig konkurransekraft

Eit samarbeidsprosjekt med utgangspunkt i regionråda, og som skal involvera næringsutviklingsselskap, forskings aktørar og bedrifter frå regionane Nordhordland, Region Vest, Sunnhordland, Hardanger og Bergen.

- Legg opp til tre konkrete delprosjekt:
 - Framtidas konkurransefortrinn for regionen
 - Grønne moglegheiter for regionen
 - Marknadssamarbeid som konkurransefortrinn

Framtidas konkurransefortrinn for regionen

- Korleis utviklar me som region ein strategisk kompetasemiks som er framtidsretta, etterspurt og konkurransedyktig?
- Kva kompetanseområde er regionane i Sunnhordland, Nordhordland, Region Vest, Hardanger og Bergen, kvar for seg og i fellesskap sterke på?
- Kva tiltak bør aktørane setja i gang for å utnytta regionen sitt potensiale?

Føresetnaden for at Hordaland skal kunna lukkast med omstilling er å ivareta følgende perspektiv:

Regionalt perspektiv

- Politisk engasjement og handlekraft er ein føresetnad for omstilling

Bedrifts perspektiv

- Bedriftene skaper verdier for seg sjølv og samfunnet

FoU-og undervisnings perspektiv

- Hordaland treng meir FoU som kan nyttast i næringa med et regionalt strategisk perspektiv

Næringsutviklingsperspektiv

- Framtidig næringsutvikling og den strukturelle omstillinga vil i større grad forutsetja aktiv bidrag, samarbeid, koordinering og handling fra aktører i politikk, næring og FoU

Tiltak 2017

- Deling av bestep praksis
- Identifisering av strategiske næringsområder i regionene i Hordaland
- Utarbeiding av målsetninger
- Identifisering av idégrunnlag for tiltak
- Gjennomføra lokal samling for bedrifter i Sunnhordland

Rapport

- Ein erfaringsrapport
- «Omstillingsveikartet»
- Etablering av partnerskap for oppfølging av veikartet

4.11 Landbruk i Sunnhordland

Landbruk er ei viktig næring i Sunnhordland. Samarbeidsrådet vil difor ha eit ekstra fokus på næringa framover, med fokus på rekruttering/omdømmebygging/kompetanseheving av avløyssarar. Dette skal gjennomførast i tett dialog med organisasjonane i landbruket.

Prioritert arbeid 2017:

- Dialog med organisasjonane i landbruket
- Gjennomføre ein temadag med næringa hausten 2017
- Auka produksjon og omsetnad av lokalmat i Sunnhordland

4.12 Havbruk i Sunnhordland

Hordaland har lenge vore det største fylket i landet innan oppdrett av laks og aure, og står for 52% av aureoppdrettet i landet. Ein stor del av denne produksjonen skjer i Sunnhordland.

Regjeringa har avgjort at norskekysten skal delast inn i 13 produksjonsområder. Det betyr endringar for dei fleste aktørane. I Sunnhordland er det frå før ein sonestruktur som skal kombinerast med ny nasjonal områdestruktur, marine verneområde, Kystsoneplan for Sunnhordland, verneplan for vassdrag mm. Næringa har både utfordringa og moglegheiter, men er avhengig av lokal forvaltning. Samarbeidsrådet må difor vera i dialog med aktørane.

Prioritert arbeid i 2017

- Gjennomføra ein temadag med næringsaktørane våren 2017.
- Gjennomføra tiltak i høve til restmidlar frå Sunnhordland Havbruksring.

4.13 Nytt fengsel i regionen

Haugalandrådet og Samarbeidsrådet fekk i 2009 utarbeidd rapporten "Nytt fengsel på Haugalandet". Rapporten gav ein god dokumentasjon på behovet for eit nytt fengsel i regionen.

Samarbeidsrådet har i fleire møter med sitjande justisministrar løfta fram kor viktig det er med ei avgjerd om nytt fengsel. Saka har politisk vore på vent på grunn av ventande fengselsmeldingar frå førre og noverande regjering. Ei tilbakemelding har vore at det no er viktig å gå inn for ei lokalisering av stad for eit nytt fengsel, då fleire kommunar har vore aktuelle. Samarbeidsrådet har tidlegare peika på Sveio som ein aktuell stad for eit nytt fengsel.

Prioritert arbeid 2017

- Følgja saka opp gjennom politisk arbeid.

4.14 Statlege arbeidsplassar til Sunnhordland

Regjeringa har signalisert at det skal flyttast ut statlege arbeidsplassar frå Oslo til distrikta. Sunnhordland må vera proaktive for å kunna vera attraktive for å kunna få ei eller fleire slike etableringar i regionen

Prioritert arbeid 2017

- Kartlegga kva kompetanse fortrinn regionen har i høve til dei arbeidsplassane som skal flyttast ut.
- Marknadsføra og profilerer kompetanse og bu kvalitetar i regionen retta mot arbeid for to – buisunnhordland.no

5 FOLKEHELSE

Folkehelse er kommunane sitt ansvar, og ligg difor ikkje naturleg inn under Samarbeidsrådet. Kommune kan likevel gjennom Samarbeidsrådet ha fokus på konkrete tiltak der dette er naturleg. Dette kan vera rammevilkår eller prosjekt i regi av Samarbeidsrådet som er med på å fremja folkehelsearbeidet i regionen.

5.1 Sykkelregionen Sunnhordland

Mål : Sykkelvegnett i heile regionen

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har sidan 2007 arbeidd for å utvikla Sunnhordland som sykkeldestinasjon. Dette tilbodet må og fremjast meir innad i regionen, slik at fleire av innbyggjarane nyttar seg av dette tilbodet. Like viktig er det å få utvikla sykkelveggar i regionen, vegar som er betre tilrettelagt for sykling i det daglege. Desse må vera bygde etter nasjonale standardar for sykkelveggar.

Prioritert arbeid i 2017:

- Utvikla sykkelrutene i regionen

5.2 Turstiar og friluftsområde i Sunnhordland

Gjennom prosjektet "Vandring i Hordaland" og Gjensidigestiftinga, turlaga mf. har det vorte utarbeidd gode turstiar i regionen. Desse er merkte i ulike vanskeleggrad, og teke inn i turkart. Regionen har og eit stort omfang av friluftsområde og andre tilrettelagte aktivitetsområde.

Desse tilboda er viktig i folkehelsearbeidet, og må difor marknadsførast betre og profilerast i mot innbyggjarane i regionen.

Prioritert arbeid i 2017

- Sikra at tilboda vert marknadsført internt i regionen.

6. SAMARBEIDSRÅDET SOM MØTEPlass OG DRØFTINGSORGAN

Det vil kontinuerleg dukke opp saker som krev felles drøfting og uttale eller handling frå regionrådet. Det kan vera spørsmål av felles interesse for heile regionen eller spørsmål som er viktig for den einstilte kommune, der ein kan ha nytte av å få regionen med seg.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland skal vera den ønskja samarbeidspartnaren for kommunane, fylkeskommunen, naboregionar og staten i deira arbeid for ein heilskapleg regional utvikling. For å vera proaktive i høve til viktige saker for regionen kan Samarbeidsrådet nedsette ulike Ad-hoc utval som har eit særleg ansvar for å ha ekstra fokus på den til ei kvar tid aktuelle saka.

I tillegg er møta i Samarbeidsrådet for Sunnhordland ein stad for drøfting og handling. Det er og viktig å involvera andre lokalpolitikarar i dette arbeidet.

7 PLANARBEID

7.1 Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland

Hovudføremålet med planarbeidet er å utarbeida ein felles interkommunal plan for strandsona i Sunnhordlandskommunane og Fusa kommune.

Den interkommunale planen skal vera det overordna styrande plandokumentet for all arealbruk og forvaltning av areal i strandsona til dei deltakande kommunane. Planen skal visa arealformål og omsynssoner for bruk og vern av areal i strandsona.

Planen skal også konkretisera og visa korleis statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, fastsett ved kongeleg resolusjon av 25. mars 2011, skal forståast for Sunnhordlandsregionen, som er definert som eit område med mindre press på areala.

Planen skal innhalda felles målsetting med strategiar og felles føresegner som kan nyttast av kommunane ved forvaltning og vidare planlegging og saksbehandling av tiltak i strandsona. Planområdet vil i grove trekk verta avgrensa til funksjonell strandsone på land og 50 m ut i sjø med nødvendige lokale tilpassingar.

Det interkommunale plansamarbeidet vert gjennomført på eit overordna, kommunalt plannivå. I samsvar med tilrådd mandat frå Samarbeidsrådet i Sunnhordland og vedtak i dei deltakande kommunane, skal planen etter vedtak i den einstilte kommune vera ein del av kommuneplanen.

Målsettinga er og at kommunane som deltek i prosjektet skal få auka kompetanse når det gjeld planlegging og forvaltning av strandsona etter Plan- og bygningslova, og at kommunane i løpet av planprosessen i dialog med regionale mynde og ulike berørte aktørar skal finna gode, lokaltilpassa løysingar.

Prioritert arbeid 2017

- Ferdiggjering av plan med føresegner og retningslinjer
- Planvedtak i kommunane
- Kommunale arealdelplanar må vera ferdig i haust, inkl. høyring
- Endeleg godkjenning desember 2017.
- Forlenging av prøveperioden fram til 2020.

7.2 Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

I regi av Hordaland fylkeskommune vert det utarbeidd Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Føremålet med planarbeidet er å sikra ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordland og ytre Hardanger. Planen skal sikra gode rammevilkår for havbruksnæringa sin ei stor og viktignæring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområder og sjøretta næringsareal.

Prioriterte tiltak 2017

- Delta i planarbeidet
- Sikra at det er samsvar mellom for regional kystsoneplan Sunnhordland og ytre Hardanger og Interkommunal strandsoneplan.
- Sikra at ferdig plan er i samsvar med føremålet.

7.3 Bussen i Sunnhordlandsbassenget

Strategi

Gjera snøggbårutene betre tilpassa reisebehovet, slik at transporten vert mest mogleg effektiv for dei reisande.

Sunnhordlandsbassenget må reduserast som barriere og igjen etablerast som ei viktig transportåre. Fastlandsamband over Sunnhordlandsbassenget er eit urealistisk mål innafør planperioden fram til 2025, i staden må det tenkjast nytt i høve til sjøtransport.

Næringslivet har teke på seg store nasjonale utbyggingsoppgåver i olje og gass-sektoren, og må kunne stille krav til arbeidsmarknaden rundt verksemdene vert best mogleg tilgjengelege med offentlege transportmidlar. Snøggbåten bør bli "Bussen i Sunnhordlandsbassenget".

Sjøtransporten må knytast opp mot terminalar i sentrumsområda og gode omstigningspunkt mellom ferje, buss og snøggbåt. (Utdrag Fylkesdelplan for Sunnhordland)

Prioriterte oppgåver 2017

- Utarbeida ein prosjektplan for ei satsing på Bussen i Sunnhordlandsbassenget.
- Møte med fylkeskommunen for ei avklaring før oppstart.
- Oppstart av arbeidet

8 DRIVA AKTIV PÅVERKNAD FOR Å SIKRA REGIONEN OG DEN EINSKILDE KOMMUNE SINE INTERESSER I REGIONALE OG NASJONALE SPØRSMÅL

For å sikra ein aktiv påverknad og ei større samhandling har Samarbeidsrådet ein politisk handlingsplan som ein arbeider ut i frå.

Mål

Fremja Sunnhordland sine interesser ved aktiv påverknad og informasjon.

Tiltak:

- Arbeida for at Sunnhordland ikkje vert splitta gjennom statlege omorganiseringar.
- Sikra at Sunnhordland framleis vert samla i ein større Vestlandsregion.
- Sikra oppretthalda av statlege institusjonar i Sunnhordland.
- Vera proaktiv i høve til politiske saker som gjeld Sunnhordland.

8.1 Kommunepolitikarar

Det er viktig at saker som er oppe til drøfting i Samarbeidsrådet for Sunnhordland vert orientert om til kommunepolitikarane. Då kan ein få til ei større forankring av sakene og dermed fleire som kan vera med å fremja sakene.

Tiltak

- Ordførarane orienterer i kommunestyremøte / formannskapsmøte kort om sakene som var oppe i siste møte i Samarbeidsrådet.
- Felles formannskapsmøte 10 mars.
- Nytt felles formannskapsmøte hausten 2017.

8.2 Fylkespolitikarane

Fylkespolitikarane må kjenna til kva saker som er viktige for Samarbeidsrådet. Departement og Storting legg vekt på vedtak i fylkesting / fylkesutval. Difor må representantar frå Sunnhordland og resten av Hordaland verta orientert om kva saker som er viktige for regionen og Samarbeidsrådet sitt syn på saka.

Tiltak

- Invitere til minimum to møter i året mellom representantar frå Samarbeidsrådet og sentrale fylkespolitikarar
- Representantane frå Sunnhordland får tilsendt saker og referat frå møta i Samarbeidsrådet.
- Arbeida for at dei ulike nemndene/utvala legg møter til Sunnhordland.

Desse møta er og viktige for at Samarbeidsrådet får informasjon om kva saker dei ulike utvala arbeider med.

8.3 Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune

For å halda god kontakt med fylkeskommunen er det nyttig med eit møte med fylkesrådmann og stab. Det er ein fordel at eit slikt møte vert halde før budsjettarbeidet om hausten – seinast i september. Kven som møter frå Samarbeidsrådet vert avgjort i høve til kva saker som skal drøftast.

Tiltak

- Møte med fylkesrådmann og stab ein gong i året.
- Delta i møte mellom Hordaland fylkeskommune og regionrådsleiarane.

8.4 Bergen

For utvikling av Vestlandet og ikkje minst Hordaland har Bergen ei sentral rolle – og har definert seg som "Motor" for utvikling av Hordaland. For Sunnhordland har Bergen alltid vore viktig og har synt resultat. Det er difor viktig å ha tett kontakt med politikarane i Bergen for å drøfta felles saker.

Tiltak:

- Møte med Byrådet i Bergen

8.5 Fylkesmannen i Hordaland

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ser det som nyttig å ha god kontakt med Fylkesmannen og dei ulike avdelingane. Avdelingane kan variera frå sak til sak.

Tiltak

- Møte etter behov.

8.6 Stortingsrepresentantane frå Sunnhordland

Det er svært viktig å halda god kontakt med representantane frå vår region.

Tiltak

- Representantane frå Sunnhordland vert invitert til å delta på fellesmøta med fylkestingsrepresentantane.
- Representantane får høve til å nytta Samarbeidsrådet for Sunnhordland sine kontor som møteplass for kommunar / innbyggjarar.
- Representantane frå Sunnhordland får tilsendt saker og referat frå møta i Samarbeidsrådet.

8.7 Hordalandsbenken

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har dei siste åra reist til Oslo for å ha møte med Hordalandsbenken. Dette er møter som har vore nyttige, og er viktige å halda fram med. Samarbeidsrådet bør prioritera få, men viktige saker til desse møta. Dette utelukke ikkje at representantar frå Samarbeidsrådet møter Hordalandsbenken oftare dersom det kjem opp behov.

Tiltak

- Møte med Hordalandsbenken 10 januar
 - Regionreforma
 - NTP
 - E39 - statleg plan Stord -Os
 - E134
 - Nytt fengsel på Haugalandet

8.8 Departementa

Samarbeidsrådet har hatt møte med mange departement dei siste åra. Kva departement som skal vitjast må knytast til prioriterte saker. Det må ikkje vera eit mål i seg sjølv å møta i flest departement. Møta kan vera knytt til møta med Hordalandsbenken. Dersom det kjem opp enkeltsaker bør Samarbeidsrådet verta flinkare å ta kontakt med/møta i departement som har ansvar for den aktuelle saken. Det er ikkje ein føresetnad at heile Samarbeidsrådet møter kvar gong.

Tiltak

- Møte med Kommunal og moderniseringsdepartementet 10 januar
 - Regionreforma
 - E39 statleg plan Stord-Os
 - Planarbeid – føresegner strandsoneplan
- Møte med Nærings og fiskeridepartementet 10 januar
 - Fiskerihamn på Bømlo
 - Sysselsetting av arbeidstakarar til sjøs
 - Frysforakrifta for Hardangerfjorden
 - Havbruksfondet

8.9 Bruk av media

Arbeidet i Samarbeidsrådet har blitt mindre synleg i media og ein må bli flinkare til å invitere media inn for å synleggjera viktige saker for regionen.

Tiltak

- Styreleiar skal ha ansvar for å profilera saker som er viktige for arbeidet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.
- Pressemeldingar
- Nytt facebook som informasjonskanal
- Ha aktive nettsider
- Pressekonferansar

8.10 Ungdomsråda

Ungdomsråda er viktige stemmer for utvikling av regionen. Gjennom Byregionprogrammet er det lagt opp til ein tett dialog med ungdomsråda.

Prioritert arbeid i 2017:

- Arrangere fellesmøte 5 april med ungdomsråda i kommunane.
- Invitere representantar frå ungdomsråda med i Byregionprogrammet.

9. ANNA

9.1 Strategisk plan 2018-2021

Styret og administrasjonen arbeider ut frå Strategisk plan for 2014-2017.

Hovudsatsingane i denne perioden har vore **regional utvikling og infrastruktur**.

Vidare er det definert 4 sentrale regionale utviklingsoppgåver; **attraktiv buregion, kompetanse, næringsutvikling og folkehelse**.

Strategisk plan for Samarbeidsrådet må reviderast i 2017, og skal gjelda for perioden 2018-2021

Mål:

Ny strategisk plan for Samarbeidsrådet for Sunnhordland for perioden 2018-2021

Tiltak:

- Gjennomføra prosess samling 11 og 12 mai.
- Godkjent plan i kommunane innan november 2017.

9.2 Nyskappingskonferanse

Nyskappingskonferansen har som målsetjing å inspirera og informera ny etablerarar, bedrifter og andre om erfaringar og moglegheiter innan nyskaping. Konferansen skal i 2017 arrangerast i tilknytning til Atheno sitt 30 års jubileum 20. oktober.

Mål

Gjennomføra ein årleg gratis konferanse retta mot bedrifter og etablerarar/gründerar.

Prioritert arbeid i 2017

- Utarbeida program
- Få på plass føredragshaldarar og kulturelle innslag
- Finansiera konferansen
- Arrangera konferansen 20. oktober i samarbeid med Atheno

Ansvar: Atheno AS og Samarbeidsrådet for Sunnhordland